



Norsk og nederlandsk

Tubaisten Daniel Herskedal er også festivalaktuell i heimbyen Molde til veka, med prosjektet «Some City Stories», eit resultat av festivalens årlege talentpris som han fekk i fjor. Her i avisa vart han første gong bokført i 2004 som medlem av brasskvartetten «Magic Pocket», seinare i bandet «Listen». Med i bagasjen har han no også debutalbumet til den Amsterdam-baserte trioan Lochs/Balthaus/Herskedal på merket MUC.

Initiativtakar er den nederlandske trompetisten og flugelhornisten Bert Lochs, med tyske Dirk Balthaus på piano eller rhodes, begge meritterte europeiske jazzmusikarar som møter bandets yngste, men jambyrdige muskar på tuba. Resultatet er vakker, akustisk musikk, ofte «klassisk» i leten, framført av tre muskarar som har funne tonen over både landegrensene og generasjonane. Og Herskedal er klar til sitt Moldeprosjekt, der han har skrive all musikken sjølv for ein spennande ny kvartett.